



Ottar Netteland

Dato: 02.10.2015
Vår ref.: 2015/9986-1
Saksbehandlar: monsera
Dykkar ref.:

Tilbakemelding etter synfaring - førespurnad om automatisk freda kulturminne med Askeladden-id 90933 - Nordanger gnr 15 bnr 14 - Radøy kommune

Viser til førespurnad pr telefon angående eventuell bruk av tomt ved automatisk freda kulturminne med Askeladden-id. 90933 på Nordanger, gnr. 15, bnr. 14 i Radøy kommune. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

I nordlege del av tomta, sør for tilkomstvegen, er det registrert eit automatisk freda kulturminne, ein steinalderbuplass med Askeladden-id. 90933. Førespurnaden gjeld sal, eventuell utbetring av tilkomstvegen, framtidig bruk av tomta og omsynet til kulturminne. Det ligg pr no ikkje føre søknad om dispensasjon eller bygging på tomta. Arkeolog frå Hordaland fylkeskommune gjorde ei synfaring på staden 24.09.2015. Tilstaden var grunneigar Ottar Netteland og Monika Serafinska frå Hordaland fylkeskommune.

Ved synfaringa vart det sondert med jordbor i det aktuelle området for å ta fleire prøvestikk på lokaliteten, og eventuelt justere utstrekning på denne. Den registrerte lokaliteten ligg inntil eit vegkryss, ned for ein naturleg haug i terrenget. Her vart det påvist over 1,1 meter med myrmassar, noko som gjorde det umogleg å prøvestikke på lokaliteten. Det er kjent ei rekke automatisk freda kulturminne i nærområdet. I følgje kulturminnedatabasen Askeladden vart lokaliteten påvist i 1989 i samband med registrering av vegtrasear Soltveit-Straume. Buplassen er definert av eit funnførande prøvestikk med eit kvartsavslag. Hordaland fylkeskommune har vore i kontakt med registrator ved Universitetet i Bergen og med Samlingsseksjonen ved Universitetsmuseet i Bergen for å innhente meir informasjon om lokaliteten. Basert på dette har vi konkludert med at lokaliteten sannsynlegvis er lagt inn i databasen ved ein feil. Lokaliteten med Askeladden-id. 90933 er ikkje å rekne som automatisk freda.

Vi har på grunnlag av ovannemnde ikkje vesentlege merknader til tiltak på arealet gnr. 15, bnr. 14. Vi kan likevel ikkje sjå vekk frå at det kan finnast andre, hittil ukjende automatisk freda kulturminne i arealet. Vi minner om at tiltakshavar har plikt til å vise varsemd, og å straks melde i frå til Hordaland fylkeskommune dersom ein i samband med opparbeiding av arealet skulle støyte på funn av automatisk freda kulturminne, jf. § 8, 2. ledd i kulturminnelova. Slike funn kan til dømes vere trekolkonsentrasjonar, steinkonstruksjonar, gjenstandar og reiskapar av stein, metall, m.m.

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Radøy kommune